

1.

Vedlegg til felt 16 i konsesjonssøknaden.

Viser til søknaden vår om konsesjon ved overtaking av Tveito nordre etter konsesjonslova av 28. november 2003.

Me kjøpte garden i november i fjor av svigerinna vår, Kari Storsletten og son hennar Aslak Versto Storsletten. Dei overtok garden i 2011, då bror vår, Olav, gjekk bort.

Årsaka til at me kjøpte Tveito nordre, var at det er barndomsheimen vår og at me har sterke kjensler til garden og grenda. Alternativet var at den blei seld ut av familien, og det syntest me var synd. Me har til saman fire barn som har gode minne frå, og sterke kjensler til "bestemor- huset", og som også syntest det var sårt at garden forsvann ut av familien.

Det er både jakt- og fiskerettar til garden, noko me alltid har nytta oss av. Særleg er elgjakta viktig for både store og små i familien. Kvar haust samlast me på Tveito for å ta del i jakta saman med resten av jaktlaget. Så lenge mor levde budde me heime i huset då me var på jakt. Etter at ho gjekk bort, bur me på Astrids hytte på Rauland, på hytta ved Vinjevatn eller hjå Stein, bror vår.

Under er informasjon om kva planar me har for bruken av eigedomen (felt 16 i søknadsskjemaet).

Me søker primært om å få buplikta oppretthalde ved å leige ut garden i 10 år.
Sekundært søker me om å få utsetje buplikta i fem år.

Grunngjeving:

Det er fleire grunnar til at me ikkje har høve til å busetje oss på Tveito nordre no.

Eli, som bur i Bergen, har framleis ein gut i skulen, som gjerne vil fullføre skulegangen i Bergen. Dei to eldste, er studentar, og ikkje klare for å flytje til Vinje med det fyrste.

Astrid blei i statsråd i mars, utnemnd til Noregs ambassadør til Kroatia. Det inneber at ho blir buande i Zagreb i fire til fem år. Dottera er framleis student, og ikkje klar til å flytje til Vinje.

Ei tredje årsak som gjeld oss baae, er at me ser det som svært vanskeleg å busetje oss fast på Tveito med den trafikksituasjonen som er der no. E134 går berre nokre få meter frå husa på garden. Trafikken, ikkje minst tungtrafikken, gjer det nærast umogeleg å bu der fast. Ut-og innkøyrsel kan vera svært farleg. Å drive garden slik det er med vegen no, er heller ikkje lett. Me har sidan me kjøpte garden i november i fjor, fleire gonger vore i kontakt med Vegvesenet om å få setje ned fartsgrensa frå 80 til 60 km. forbi garden, men dei har ikkje eingong svara oss.

Me leiger ut hovudhuset til Kristian Fadum jr. og familien i dag. Dei synest også trafikken er eit problem, men sidan dei berre er leigetakarar og ikkje eigarar, er dei godt nøgde med å bu der. Dei har Tveito-adresse i folkeregistret.

Morten Ringhus, har i fleire år slått jorda på Tveito nordre. Me har nett hatt kontakt med han, og fått veta at han vil halde fram med å slå på Tveito som før.